



Saksbehandlar: Evy Helland
Rådmann: Vibeke Vikse Johnsen

Notat til orientering - Miljøfôr Akershus AS - Luktforureining - Gbnr, 141/28 Litlasundvegen 110

Bakgrunn

Rådmann har vorte bedt om ei statusoppdatering i høve at det har kome svært mange klagar på lukt i høve anlegget til føretaket Miljøfôr Akershus AS på Litlasundvegen 110 på Torvestad.

Orientering

Miljøfôr Akershus AS på Torvestad kvernar matavfall og gjer dette om til dyrefôr. Drifta gjev mykje luktplager og det har vore fleire klagar i høve drifta.

Føretaket har ikkje utsleppsløyve i dag. Lukt er utslepp, men det er vanskeleg å regulera og måla. Det er statsforvaltaren i Rogaland som eventuelt må pålegga føretaket å søkja utsleppsløyve. Administrasjonen snakka med Kirsten Redmond Kristiansen hos statsforvaltaren den 14.09.2022. Ho opplyser at føretaket har fått beskjed om å søka utsleppsløyve. Om dei ikkje gjer det kjem statsforvaltaren til å regulere utsleppet. Dette har dei heimel til.

Det er etablert eit luftreinseanlegg, men når statsforvaltaren var på tilsyn ved bedrifta den 15.05.22 så fungerte ikkje dette. Det er vidare eit problem at anlegget ikkje verkar som det skal når dørar og portar står opne. Tilbakemeldinga frå Miljøfôr var at dei skulle ha service frå selskapet som har levert anlegget. Dette har dei, etter statsforvaltaren sine opplysningar, enno ikkje fått gjennomført.

Statsforvaltaren påla Miljøfôr å utføra spreingsanalyse – denne viste at det lukta mykje når porten sto open.

Det er statsforvaltaren i Rogaland som er tilsynsmynde i saka. Det ligg klagesakar til handsaming hos dei. Kommunen hadde eit møte med statsforvaltaren den 15.05.22. Det er kalla inn til statusmøte i høve dette den 23.09.2022.

Administrasjonen vurderar at kommunen ikkje har heimel til å regulere tilhøva på eigedomen. Det er statsforvaltaren som er tilsynsmynde. Statsforvaltaren fylgjer opp saka vidare, men i tett dialog med Karmøy kommune som vil be om jevnleg status i saka.